

Sikkerhetsdagen avlyst, loddosalget held fram.

04.05.2015



Sikkerhetsdagen er avlyst, men loddosalget held fram. Ida Marie(f.v.), Camilla og Hanna selde svært godt sist laurdag.

Hyttestyret melder at dei dessverre har mått avlysa Sikkerhetsdagen som skulle vore arrangert i Aktivitetshuset førstkommande laurdag. Grunnen til avlysinga er for få påmeldte. Sjølv om dei utsette påmeldingsfristen til i dag kl.12, vart det ikkje mange nok som melde seg på dette flotte gratistiltaket.

Styret melder elles at loddosalget til kotteriet, med flotte gevinstar gjevne av gode sponsorar, går godt, og det held fram som planlagt. Inntektene kjem til å verta brukt på planlagt oppussing av hytta FJELLY.

Hyttestyret håpar at mange benyttar seg av å bruka FJELLY som ligg idyllisk til inst ved Mannsvatnet. Tilkomsten dit er lett, og alle kan leiga den særdeles billig.

Dei håpar også at mange hjelper til med dugnadsarbeid når det vert aktuelt.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.